



Ing. Taule AS
Kvassnesveien 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2666 - 16/31571

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
17.11.2016

Førebels svar - Trong for tilleggsinformasjon - Gbnr. 196/149 Midtgård

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.10.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon for tiltak utanfor byggegrense slik det går fram av innsendt situasjonsplan. Dette gjeld bygging av terrengmurar utanfor byggegrense og køyreveg på vestsida av huset.
2. Det må innhentast samtykke frå eigar av gbnr. 196/146 for oppføring av terrengmur inntil nabogrense. Eventuelt må det søkast om dispensasjon frå pbl § 29-4 for etablering av heile terrengmuren.
3. Det går ikkje klart fram av innsendt underlag korleis terrengtilpasninga langs grense mot gbnr 196/146 er tenkt utført. Basert på innsendte fasade teiningar med terrenglinjer synest det som at det vil bli ein vesentleg høgdeforskjell frå eigedommen mot nabo med gbnr. 196/146 og delvis mot gang og sykkelveg mot vest. Det går ikkje fram av søknad at det er søkt om bygging av mur eller korleis denne høgdeforskjellen skal sikrast. Eventuell etablering av mur vil krevje søknad om dispensasjon og samtykke frå berørt naboeigedom. Vi ber om at det sendast inn utfyllande terrengsnitt som syner korleis terrengtilpasninga skal utførast og at eventuelle tiltak vert teke med i dispensasjonssøknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.01.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing. Taule AS

Kvassnesveien 33 5914

ISDALSTØ